



TEKNISK SONE HAREID IL FOTBALL

Hareid IL fotball ber om at lagsleiarbenken/opphaldsona for lagsleiar og innbytarar er forbeholdt desse personane under kamp. Dette gjeld for alle årsklassar, frå dei minste til og med vaksenfotballen. Norges fotballforbund har retningslinjer for «teknisk sone», beskriving av området, kven kan opphalde seg der, og korleis ein skal opptre under kampars gong.

Hareid IL fotball pliktar å fylgje desse retningslinjene, både på heime- og bortekampar.

Fotballkampar utan publikum er langt i frå like hyggeleg og morosamt som kamp er med mykje publikum, men vi må likevel informere om at teknisk sone er eit område der kun spelarar, trenarar og lagsleiarar har tilgang til under kamp.

Publikumsstøtte treng vi absolutt, men for dommarar, spelarar, trenarar og lagsleiarar skal få moglegheit til å yte sitt beste, ber vi om at publikum respektera dei tekniske sonene (dvs området rundt innbytarbenkane).

Helst ser vi at publikum oppheld seg på motsett side av innbytarbenkane.

På aldersbestemte sine kampar ber vi om at publikum oppheld seg på motsett side av trenarar og lagsleiarar.

Vi ber alle lag om å stille med «kampvert» til alle kampar. Dette er beskrevet i retningslinjene til Norges fotballforbund.

Klubbens heimekampar skal gjennomførast etter NFF`s retningslinjer